



Ranveig Vatne  
Vatne 43  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8778 - 21/80935

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
30.11.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 170/3 Vatne**

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 170/3  
Tiltakshavar: Ranveig Vatne

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.10.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må dokumenterast at tomta er sikra lovleg tilkomst. Dette kan gjerast ved at avgjevareigedomen gjev vegrett. Du kan nytta vedlagte skjema til dette. Skjemæt må fyllast ut i 2 eksemplar og leverast med original underskrift. Du kan la felt 3A med rettshavar stå ope for seinare utfylling.
2. Avkøyrsløysing til fylkesveg 5474- Lurevegen må vera godkjent av Vestland fylkeskommune. Søknad om utvida bruk av avkøyrsla gjer du på Statens Vegvesen sine nettsider.
3. Tomta må vera sikra godkjent avløpsløysing. Du må anten dokumentera at den avløpsløysinga du har tilfredsstillar dagens krav eller du må søkja om utsleppsløyve. Om dette spørsmålet kan du ta kontakt med Hogne Askeland på Miljø- og tilsynsavdelinga i kommunen.
4. Søknad om dispensasjon skal nabovarslas. Det er ikkje kryssa av for at dette er gjort på motteke gjenpart av nabovarselet. Dette kan gjerast ved at du kryssar av på nabovarselet du sende inn og får naboen til å signere på at varselet er motteke og eventuelt samtykker til tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Saksgang**

I samråd med deg sender me som avtalt saka på høyring til andre offentlege etatar og til landbruksavdelinga i kommunen for vedtak etter jordlova. Dette parallelt med at du supplerer søknaden med det som er nemnt i punkta over.

Dersom jordlovvedtaket er positivt vert dispensasjonen handsama etter plan- og bygningslova (Pbl).

Om vedtaket etter plan- og bygningslova er positivt vert delingssaka handsama når søknaden er komplett.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

erklæring-om-rettighet\_nyn

### **Mottakarar:**

Ranveig Vatne

Vatne 43

5912 SEIM